

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2012/1984-3

**Saksbehandlar**

Anbjørn Høivik

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2014/72	Formannskapet	05.06.2014
2014/42	Kommunestyret	19.06.2014

## Uttale til planforslag - Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel

### Innstilling frå rådmannen:

1. Kvinnherad kommune sluttar seg til planen sine målsettingar og strategiar.
2. Av omsyn til likeverdig tenestetilbod og vekst i heile fylket er det viktig at Husnes får status som regionsenter.

### Behandling i Formannskapet den 05.06.2014

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

### Innstilling frå Formannskapet den 05.06.2014

1. Kvinnherad kommune sluttar seg til planen sine målsettingar og strategiar.
2. Av omsyn til likeverdig tenestetilbod og vekst i heile fylket er det viktig at Husnes får status som regionsenter.

### Behandling i Kommunestyret den 19.06.2014

Eskil Moen (Frp) innvilga permisjon – 34 repr. under avrøysting.

Innstillinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteken.

### Vedtak frå Kommunestyret den 19.06.2014

1. ***Kvinnherad kommune sluttar seg til planen sine målsettingar og strategiar.***
2. ***Av omsyn til likeverdig tenestetilbod og vekst i heile fylket er det viktig at Husnes får status som regionsenter.***

### **Saksutgreiing:**

Hordaland fylkeskommune sender på høyring forslag til regional plan for attraktive senter i Hordaland. Planen skal avløysa gjeldande fylkesdelplan for senterstruktur m.v. frå 2002. Frist for uttale er 22. august 2014. Kommunen kjem om kort tid til å få planforslaget formelt oversendt frå fylkeskommunen og dei ønskjer at planen vert behandla av kommunestyret. For å rekkja handsaming i både formannskap og kommunestyre før uttalefristen vert saka fremja no, men saksutgreiinga vert noko stuttare enn ønskjeleg grunna svært kort tid til førebuing. Planforslaget følgjer som vedlegg til saka, men dette dokumentet skal språkvaskast og få nokre ekstra illustrasjonar. Endeleg utgåve vert å finna her:

<http://www.hordaland.no/regionalplan-senterstruktur/hoyring>.

Bak planforslaget ligg ein omfattande, men effektiv planprosess. Rådmannen meiner prosessen har hatt ein god balanse mellom fagleg breidde, opplegg for medverknad og framdrift i planarbeidet. Representantar for administrasjonen til Kvinnherad kommune har delteke i konferansar og workshops undervegs, og vår ordførar har representert Samarbeidsrådet for Sunnhordland i styringsgruppa for planarbeidet. Rådmannen har det inntrykket at ordføraren si aktive deltaking i planprosessen har hatt avgjerande verknad på mange av punkta i planen som er viktige for Kvinnherad.

Hovudmålet i planen er at Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal leggja til rette for vekst i heile fylket.

Planen er inndelt i fem plantema:

- Hovudmål, strategiar og senterstruktur
- Attraktive sentrumsområde
- Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod
- Handel og kjøpesenter
- Transport

Kvart plantema inneheld mål, planskildring, retningslinjer og handlingsprogram. Planen gir i tillegg bindande føresegnar som regulerer storleik og lokalisering av handelsverksemd og det er utarbeidd konsekvensutgreiing av planen. Rådmannen meiner at Kvinnherad kommune kan slutta seg til planen sine målsettingar og strategiar. Det har ikkje vore tid til å gå djupt inn i retningslinjer og handlingsprogram.

Planen fastset senterstrukturen for Hordaland innafor ein horisont på 12 år. Senterstrukturen byggjer vidare på dagens inndeling, slik at ingen stader misser sin status som regionsenter. I tillegg er det sett som kriterium at alle innbyggjarar skal kunne nå eit regionsenter innan ca. ein times køyring og at eit regionsenter skal ha eit omland på minimum 10.000 innbyggjarar. Dette har m.a. ført til at Kleppestø (Askøy) og Husnes i Kvinnherad i planforslaget får status som nye regionsenter. Det er også ein premiss at regionsentera framleis skal fungera om kommunegrensene vert endra.

Husnes som regionsenter samsvarar godt med rådmannen si haldning til senterutvikling i vår del av fylket. Frå store delar av Kvinnherad er det meir enn ein times reisetid til næraste regionsenter (Leirvik, Odda, Norheimsund). Kollektivtilbodet er svært avgrensa og det er kronglete å ta seg

fram med bil. Rådmannen meiner det er viktig med regionsenterstatus for å oppretthalda og vidareutvikla fylkeskommunale og statlege tenester (td. vidaregåande skule, tannhelsetenester, politi). Regionsenterstatus vil venteleg også verka positivt inn på utvikling av vegnett og kollektivtilbod.

Eit regionsenter har gjerne meir enn 100 % handelsdekking grunna tilreisande frå omlandet. Handelsdekkinga i Kvinnherad er ca. 80 %, men etter etablering av Husnes Storsenter er prosentdelen aukande. Det er uttrykk for ei god utvikling at kjøpesenteret ligg midt i sentrum; ikkje alle byar er i same heldige situasjon. Planen som no er på høyring har føresegner for etablering av kjøpesenter der det er sett ei grense på 3.000 rutemeter for etablering utanfor sentrumsområde. Desse reglane vil med det truleg ikkje ha mykje å seia for utviklinga i Kvinnherad.

Planforslaget føreset at kommunane sjølv følgjer opp med ei meir finmaska inndeling i kommunesenter, lokalsenter og nærsenter. Dette er tema det er naturleg å behandla i samfunnsdelen til kommuneplanen. Kommuneplanen er under utarbeiding no, så dette faller godt saman i tid.

Sjølv om Kvinnherad vert sett som ein eigen bu- og arbeidsmarknadsregion er kommunen framleis del av regionen Sunnhordland. Husnes som regionsenter for Kvinnherad bør ikkje rokke ved kommunen si tilknytning til nabokommunane, og det vil framleis vere viktig å arbeide for styrking av Sunnhordlandsregionen og Leirvik sine knutepunktfunksjonar og tenestetilbod.

**Økonomisk konsekvens:**

Planen gir i seg sjølv ingen direkte økonomiske konsekvensar, men rådmannen vurderer at regionsenterstatus for Husnes vil ha positiv økonomisk verknad over tid.

**Miljømessig konsekvens:**

Planen gir i seg sjølv ingen direkte miljømessige konsekvensar. Med eit definert regionsenter i Kvinnherad vil det venteleg verta betre moglegheiter for transporteffektiv samfunns- og arealplanlegging, noko som påverkar miljøkvalitetar som kollektivtilbod, gang-/sykkelvegnett og grønstruktur.

Vedlegg:

Forslag til plan: *Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel*  
Planforslag til høyring